



Utgreiing av aktsemds- vurderingar

etter Åpenhetsloven - 2023

Sognekraft
Produksjon AS


UTGREIING AV AKTSEMDSVURDERINGAR ETTER ÅPENHETSLOVEN – 2023

1. BAKGRUNN

Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (heretter «**Åpenhetsloven**») skal fremje verksemders respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og levering av tenester. Vidare skal lova sikre allmenta tilgang til informasjon om korleis verksemdar arbeidar mot desse måla.

Dei selskapa som er omfatta av lova er forplikta til å utføre og rapportere om såkalla aktsemdsvurderingar etter lova §§ 4, 5 og 6. Aktsemdsvurderingar inneber kort fortalt ein stegvis prosess for å kartleggje, førebyggje, gjere reie for og følgje opp korleis verksemda handterer vesentlege negative konsekvensar/risiko for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Den aktuelle prosessen er illustrert i 6 punkt i figuren under:

FIGUR 1. AKTSOMHETSVURDERINGSPROSESSEN OG STØTTETILTAK



Sognekraft Produksjon AS («SKR Prod») er definert som ei større verksemd etter lova § 3 (1), bokstav a, og er difor omfatta av krava i lova. SKR Prod må difor utføre og greie ut om aktsemdsvurderingar i selskapet, jf. §§ 5 og 6.

2. ORGANISERING

SKR Prod driv produksjon og omsetning av energi, samt verksemd i samband med desse kjerneaktivitetane. I tillegg til sjølve produksjonsaktiviteten, driv selskapet med utbygging og drift av kraftverk.

Som del av Sognekraftkonsernet kjøper SKR Prod inn konserninterne tenester frå morselskapet Sognekraft AS. Vidare er deler av SKR Prod sine kjerneaktivitetar, slik som kraftproduksjon, lagt i egne dotterselskap under SKR Prod. SKR Prod er i tillegg er deleigar i andre selskap som driv med kraftproduksjon. SKR Prod leverer difor også tenester både til dotterselskap og deleigde selskap (utanfor konsernstrukturen). Dotterselskapa under SKR Prod omfattar per d.d. 2023 følgjande selskap med sine hovudaktivitetar:

- Feios Kraftverk AS er eigar av kraftutbyggingsprosjektet Feios Kraftverk AS i Vik kommune¹, og med eit primærføremål om utvikling, investere i og drifte kraftverk. Det er ingen tilsette i selskapet.
- Offerdal Kraftverk AS er eigar kraftutbyggingsprosjektet Offerdal Kraftverk AS, og med eit primærføremål om å utvikle, investere i og drifte kraftverk. Det er ingen tilsette i selskapet.
- Vadheim Kraft AS driftar Vadheim Kraftverk i Vadheim, og med eit primærføremål om eie, drive og utvikle kraftproduksjonsanlegg. Det er ingen tilsette i selskapet.

Det skal leggjast til at SKR Prod også er 50 % deleigar og av Leikanger Kraft AS som eig Leikanger Kraftverk. SKR Prod er også driftsoperatør av dette kraftverket. Det er ingen tilsette i Leikanger Kraft AS, men selskapet er likevel er vurdert omfatta av åpenhetsloven etter definisjonen i § 3 (1), bokstav a. Selskapet vil difor måtte publisere ei utgreiing som vert publisert på Sognekraftverksemda si heimeside.

3. AKTSEMDSVURDERINGAR

3.1. Innleiing

SKR Prod har forankra nye retningslinjer og tiltak for å stanse, førebyggje eller avgrense negative konsekvensar i verksemda. Det er også gjort eit omfattande arbeid med å kartleggje SKR Prod sine aktivitetar og vurdere korleis desse aktivitetane inneber vesentleg risiko for faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Arbeidet med Åpenhetsloven per 2023 kan oppsummerast i tabellen under. Dei enkelte punkta er vidare utdjupa lenger nede i utgreiinga.

¹ Kraftverket er avgjort utbygd og prosjektet er i ein innleiande utbyggingsfase.

Sjå figur	Krav/tiltak	Status
1	Forankre ansvarlegheit	<ul style="list-style-type: none"> Vedtaking av retningslinjer og øvrige styringsdokument.
2	Kartlegg og vurder negativ påverknad/skade	<ul style="list-style-type: none"> Det er gjennomført kartleggingar og vurderingar av aktivitetar i verksemda.
3	Stans, førebygg eller redusere	<ul style="list-style-type: none"> Det er ikkje avdekka funn for brot eller mistanke om brot på aktivitetar som verksemda er involvert i. Nemnde forankring har likevel etablert tiltak for å stanse, førebyggje og redusere eventuelle brot
4	Overvak, gjennomføring og resultat	<ul style="list-style-type: none"> Leverandørkrav vil takast med i kontraktar/førespurnader og følgjast opp i kontraksperiodane Konkret implementering og praktisk oppfølging skal gjennomførast
5	Kommuniser korleis påverknaden er handtert	<ul style="list-style-type: none"> Rapporten vert publisert saman med informasjon om at ein kan henvende seg for meir informasjon
6	Sørg for, eller samarbeid om gjenoppretting	<ul style="list-style-type: none"> Det er ikkje avdekka vesentlege funn/risiko som må rettast opp

3.2. Forankre ansvarlegheit (steg 1)

Å forankre «ansvarlegheit» etter § 4 (1) bokstav a syner i denne samanheng til eit krav om at verksemda har etablert rutinar for korleis dei arbeider med å redusere risiko for negativ påverknad på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidshøve, slik at dette kan innarbeidast i den ordinære forretningsdrifta. Styret i verksemda har i den samanhengen forankra følgjande sentrale styringsdokument:

- «Prosedyre for arbeids- og menneskerettar»: Dette er ei forpliktingserklæring med prinsipp med å sikre grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidshøve.

- «Retningslinjene for utføring av aktsemdsvurderingar»: dette er ein plan for korleis verksemda skal utføre aktsemdsvurderingar, som også omfattar leverandørkjeder og forretningspartnarar.
- «Etiske retningslinjer for leverandørar»: Det gjeld etiske standardkrav, her inkl. krav om å verne menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, som verksemda vil stille mot leverandørane sine. Dette er i seg sjølv eit svært viktig tiltak for å sikre måloppnåinga i Åpenhetsloven.

Sognekraftkonsernet sine kjerneverdier er *tryggleik for liv og helse, trivsel og inkludering, påliteleg og nyskapande*. Ovannemnde styringsdokument inngår difor naturleg i SKR Prod sine eksisterande kjerneverdier og øvrige styringsdokumentet. Som selskap med høg aktivitet innan utbygging og drift av kraftverk har SKR Prod allereie eit prioritert fokus på helse og sikkerheitsarbeid som skal verne dei som utfører slikt arbeid.

3.3. Kartlegging og vurderingar (steg 2)

Deler av SKR Prod sine innkjøp av varer og tenester vert levert frå – eller gjennom – morselskapet Sognekraft. Dette omfattar typisk konserninterne tenester som økonomi/finansiering, HR, IT etc., men også eksternt innkjøpte varer og tenester som IKT-leveransar, reinhaldstenester og kontorrekvisita. For slike eksterne innkjøp er det såleis morselskapet som sit nærmast leverandørleddet og som vil ha størst påverknadskraft gjennom dei inngåtte kontraktane.

SKR Prod er likevel også direkte innkjøpar av varer og tenester som vert nytta i eiga kjerneverksemd. Sjølv om SKR Prod ikkje har nokon direkte aktivitetar utanfor Noreg, stammar deler av slike innkjøpte varer frå andre land. Enkeltinnkjøp som SKR Prod gjer i samband med drift- og vedlikehald av kraftverk vil typisk omfatte elektroutstyr som til dømes kabelanlegg, lukestyring, sensorar (automasjonsmaterieil), samt mekanisk utstyr slik som ventilar og røyr. I tillegg vert større leveransar og elektromekaniske komponentar anskaffa frå totalleverandørar som del av større kraftutbyggingsprosjekt. Dette vil då typisk omfatta turbinar, generatorar, transformatorar etc., samt øvrig bygningsmateriale som inngår i bygginga av kraftverk, inntakskonstruksjonar og røyrgater.

Sjølv om totalleverandørane i all hovudsak er norskeigde selskap, vert større deler av slikt elektromekanisk utstyr produsert i utlandet, i Aust-Europa eller Asiatiske land, der arbeidstakarvernet særleg i sistnemnde område står svakt og der eventuelt brot er relatert til arbeidstid og (manglande) organisasjonsfridom. Den *største risikoen* for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold seg difor først og fremst gjeldande lenger nede i leverandørkjeda, dvs. der varene vert produsert og råvaremateriale utvinne. Dette er risiko som SKR Prod i liten grad kan påverke direkte.

SKR Prod si påverknadsgrad er størst særleg i det første kontraktsleddet, der ein kan stille krav til leverandørane i tilbudsførespurnader og kontraktar. Som ansvarleg innkjøpar av varer og tenester kan SKR Prod i alle tilfelle rette eit auka fokus mot produksjonsopphav, her inkl. arbeidsforholda til tilsette, og dermed indirekte påverke leverandørkjeda som del av fleire innkjøparar med same fokus.

Vidare omfattar ein vesentleg del av aktivitetane til SKR Prod arbeid med risiko for liv og helse, samt kvile og ferie. Dette gjeld både for tilsette som utfører fysisk drifts- og vedlikehaldsarbeid, gjerne i tilknytning til spenningssette anlegg, men i særleg grad også for eksterne arbeidrarar som vert engasjerte i samband med større utbyggingsprosjekt og som då typisk vil måtte utføre arbeid i bratt terreng og med tunge anleggsmaskiner. I tillegg kan særleg pågåande prosjekt utgjere ein viss risiko for utanforståande tredjemenn (grunneigarar, turgåarar, naboar etc.).

Dette er i all hovudsak risiko som SKR Prod har klar påverknadskraft over og som uansett er ein viktig prioritet. Aktivitetane som angår kraftutbyggar er då også underlagt strenge lovpålagte krav. Kombinert med øvrig HMS-arbeid og styringsdokument, samt tett oppfølging på byggeplass i pågåande prosjekt, vil SKR Prod (framleis) ha høgt fokus på risiko for liv og helse, samt kvile og ferie. Dei nemnde leverandørkrava er i den samanhengen også eit viktig tiltak for å sjå til at SKR Prod sine leverandørar tek omsyn til slik risiko i prosjekt – både i eigen organisasjon og gjennom bruk av tilsette i underleverandørselskap.

3.4. Stans, førebygg eller redusere (Steg 3)

Sjølv om det ikkje er avdekka brot eller mistanke om brot på aktivitetar som verksemda er involvert i, så vil SKR Prod gjennom vedtakinga av nemnde retningslinjer ha eit auka fokus på ivaretaking av menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Når ein skal finne egna tiltak for å stanse, førebyggje eller avgrense negative konsekvensar, vil ein ta utgangspunkt i prioriteringane og vurderingane som vart gjort i kartleggingsfasen. Kva slags tiltak som bør verksetjast, kjem blant anna an på kva relasjon ein har til dei negative konsekvensane som ble oppdaga under kartlegginga.

SKR Prod er generelt oppteken av å innleie dialog med den aktuelle entreprenøren/leverandøren eller forretningspartnaren for å avklare situasjonen og vurdere aktuelle tiltak. SKR Prod har i den samanhengen tru på at det er best om partane forsøker å løyser situasjonar i fellesskap først, slik at inngripande, kontraktsrettslege sanksjonar ikkje vert naudsynte. Dette kan likevel verte resultatet dersom eventuelle brot ikkje vert retta.

3.5. Overvak, gjennomføring og resultat (Steg 4)

Den vesentlege risikoen som er avdekket gjennom nemnde kartlegging vil inngå i det øvrige risikoarbeidet i verksemda. Vidare vil det som nemnd stillast krav til leverandørane som del av tilbudsførespurnader og kontraktsinngåingar, sjå «Ethiske retningslinjer for leverandørar». Dette inneber også at tilsette i verksemda vil oppfordrast – og få eit auka fokus – til å følgje opp og overvake korleis vi sjølve og entreprenørane/leverandørane varetek desse krava. Det skal og leggjast til rette for at brot eller mistanke om brot enkelt skal kunne varslast.

Basert på dette vil SKR Prod også ha fokus på om tiltaka – eksisterande og nye – faktisk fungerer eller om det bør gjerast noko annleis i tida framover for å forbetre dei.

3.6. Kommuniser korleis påverknaden er handtert (Steg 5)

SKR Prod har utarbeidd denne utgreiinga for aktsemdsvurderingar i verksemda. SKR Prod si utgreiing, inkl. utgreiinga til det deleigde selskapet Leikanger Kraft AS, vil finnast på SKR Prod si nettside.

4. OPPSUMMERING

SKR Prod har tatt viktige steg for å ivareta krava etter Åpenhetsloven. I tillegg til å forankra ansvarlegheit gjennom nye retningslinjer, er det gjennomført kartleggingar og vurderingar for å avdekke (risiko for) brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Sjølv om kartleggingane av SKR Prod sine aktivitetar ikkje har vorte avdekket *brot* på menneskerettar, har SKR Prod vurdert og vedteke tiltak for å fremje menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Dette vil følgjast opp i tida framover.

Aktsemdsvurderingane er som kjend løpande vurderingar som kan endre seg avhengig av korleis verksemda utviklar seg og tek del i andre/nye aktivitetar. Arbeidet hittil har involvert fleire ansvarlege tilsette i verksemda med mål om å sikra fokus, forståing og engasjementet. Dette er også viktig for det vidare arbeidet med å implementere retningslinjene og sikre god praksis i verksemda som heilheit.

12. juni 2023

Terje Bakke Nævdal
Styreleiar

Erlend Bårgard
Konserndirektør produksjon

Berit Larsen
Nestleiar

Dagfinn Vatne
Styremedlem